

Informasjon om koronasmitte april 2022

Det er ikkje lenger noko generelt råd om testing, eigenregistrering og isolering ved symptom på korona. Myndigheitene sine råd ved luftvegssymptom:

1 Hald deg heime ved nyoppståtte luftvegssymptom

Du bør vere heime til forma di er god. Restsymptom som rennande nase, snørr, hås stemme og noko hoste er greit.

2 Unngå kontakt med personar som har auka risiko for å bli alvorleg sjuke

Unngå kontakt med personar som har auka risiko for å bli alvorleg sjuke av luftvegsinfeksjonar dersom du har nyoppståtte luftvegssymptom. Normalt er personar i risikogrubbene godt beskytta mot alvorleg sjukdom dersom dei følgjer råd om vaksine. Likevel har nokre grupper auka risiko for å bli alvorleg sjuk. Sjå egne råd for risikogrupper her: [Risikogrupper](#).

3 Testing for koronasertifikat

Enkelte kan ta ein bekreftande test ved teststasjon for få gyldig koronasertifikat.

- Alle som ikkje har fått oppfriskingsdose (3. vaksinedose)
- Alle som har fått to vaksinedoser og har hatt korona for meir enn 3 månadar sidan
- Barn under 16 år

Time til stadfestande PCR-test kan bestillast på sms via: <https://helserespons.no/web/aal/timebok/>

Toril Bøyum, kommuneoverlege i Ål